

Riksantikvaren  
Postboks 8196 Dep.  
0034 OSLODato: 13.11.2017  
Vår ref.: 2015/8551-104  
Saksbehandlar: torslin  
Dykkar ref.:

Att. Eva Walderhaug

## Statsbudsjettet 2017 Kap 1429 Post 70 - Bevaringsprogram for bergkunst (BERG) - Rapportering Hordaland fylkeskommune 2017

Vi viser til tilsegn om midlar gjennom tilskotsordninga Bevaringsprogram for bergkunst (BERG) 2017. Hordaland fylkeskommune fekk tilsegn om BERG-midlar frå Riksantikvaren til eit prosjekt for skjøtsel/tilrettelegging av bergkunstlokalitetar i 2017.

### Følgjande prosjekt har fått løyve om stønad i 2017:

*Skjøtsel, bygging av nytt anlegg for tilkomst og skilting av skålgropsteinen Tveitane (Opedal VII) id. 105726.*

Prosjektet blei ferdigstilt 7. november, og sluttrapport med rekneskap ligg vedlagt.

Prosjektet er også omtalt i vedlagt rapport om bruk av midlar og omfang av arbeidet med skjøtsel og tilrettelegging av bergkunstlokalitetar i Hordaland. Viser også til vedlagte Excel-skjema med oppdatert status for lokalitetane etter årets skjøtelsarbeid.

### Konklusjon

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune held fram med skjøtsel og tilretteleggingsarbeidet knytt til tidligare overførte midlar frå Riksantikvaren. Vi er i sær nøgd med den effektive gjennomføringa av prosjektet med gropsteinen på Tveitane, og ber med dette om å få overført tilskotet på 60.000 kr knytt til den no ferdigstilte tilrettelegginga.

Med helsing

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tore Slinning  
spesialrådgiver | arkeolog

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

Rapport om bruk av midlar 2017

Sluttrapport Tveitane, Ullensvang, Hordaland

Elektronisk skjema for BERG